



Vanylven kommune. Oppvekst og kultur.

Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Vanylven kommune



1. EIGARTILHØVE

Desse vedtektena gjeld for barnehagar som er eigde og/eller vert drivne av Vanylven kommune.



2. FORMÅLET MED BARNEHAGANE

Barnehagane skal sikre born under opplæringspliktig alder gode tilhøve for utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeid med heimen (jf. Lov om barnehager § 1).

Frå 1. januar 2009 gjeld endringane i barnehagelova, som gjeld kommunen si plikt til å tilby plass i barnehage til born under opplæringspliktig alder, busett i kommunen (jf. § 12a).

Gjennom allsidige tilbod, der leik og aktivitet er viktige verkemiddel, skal ein søkje å utvikle eit miljø som sikrar borna individuell og gruppevis omsorg og støtte, lærer dei å ta omsyn til og ha omsorg for kvarandre, stimulerer evner og anlegg, gir høve til utfalding og livsglede, læring og etisk rettleiing.

Barnehagane skal bygge si verksemd på dei etiske grunnverdiane som er forankra i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Den etiske rettleiinga barnehagen gir, må ta omsyn til alderen, modninga og heimemiljøet til borna. Barnehagen skal formidle sentrale kristne tradisjonar slik dei m.a. kjem til uttrykk ved dei store høgtidene.

Barnehagane skal drivast i samsvar med

- Lov om barnehagar av 17. juni 2005 med tilhøyrande forskrifter og siste endringar.
- Rammeplan for barnehagen som er gjeldande.
- Vedtekten for dei kommunale barnehagane i Vanylven.
- Kommunale vedtak som t.d. budsjett, instruksar m.m.
- Årsplanen/verksemndplanen til barnehagen.

3. FORELDRERÅD

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd sett saman av foreldre/føresette til alle borna i barnehagen. Foreldrerådet sine hovudoppgåver er å :

- fremje fellesinteressene til foreldregruppa
- medverke til samarbeid mellom barnehagen og foreldregruppa
- velje representantar til samarbeidsutvalet (jf. Pkt. 4)

Foreldrerådet skal få seg førelagt og ha rett til å gi uttale i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Det bør haldast minst to møte i året. Styrar kallar inn til første møte. Det skal førast møtebok i foreldrerådet.

Ved avrøysting skal det teljast ei røyst for kvart barn.

Barnehageeigar bør få utskrift frå møteboka til orientering.

4. SAMARBEIDSUTVALET

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval (jf. Barnehagelova § 4).

Samarbeidsutvalet skal vere slik samansett:

- 2 representantar for foreldre/føresette, valde av og blant medlemmene i foreldrerådet for eitt år om gongen
- 2 representantar valde av og blant dei tilsette i barnehagen for eitt år om gongen
- 1 representant for eigar vald av kommunen for 4 år om gongen



Mindre barnehagar kan søkje om å få ha mindre samarbeidsutval.

Kvar gruppe vel også eit like stort tal på vararepresentantar, valde på same måte og for same periode som representantane.

Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv og vel leiar for eitt år om gongen. Styrar er sekretær for utvalet og har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Ein føreset at utvalet m.a.

- drøftar barnehagen sitt ideelle grunnlag
- medverkar til at barnehagen vert driven innafor dei rammer som går fram av pkt. 2
- handsamar og fastset årsplanen
- handsamar og eventuelt tilrår styrar sitt budsjettframlegg
- handsamar barnehagen si årsmelding, når dette vert kravd.
- uttalar seg om endringar i vedtekten
- får seg førelagt og gir fråsegn i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemد og tilhøve til foreldra
- ber om foreldrerådet sitt syn i saker der dei finn det rett.

Samarbeidsutvalet sine protokollar vert å sende kommunen til orientering.

5. OPPTAK

Som eigar står kommunen for det samordna hovudopptaket av born til barnehagane våre. Etter vedtak i kommunestyret er denne oppgåva delegert til Kommunalsjef for Oppvekst via Rådmannen. Rådgjevar barnehage utfører denne oppgåva i nært samarbeid med den enkelte styrar. Mellomopptak (etter 1.juli) er normalt delegert til styrar i den einskilde barnehagen. Det gjeld også tilpassing av plassar eller byte av dag.

Vedtak om tildeling av barnehageplass er enkeltvedtak, og kan ankast inn for den kommunale klagenemnda (formannskapet). Avgjerda i nemnda er endeleg.

Prosedyren for hovudopptak er slik:

- I god tid - minst tre veker – før søknadsfristen 1.mars, lyser Kommunalsjefen ut ledige plassar i lokalavisa. Søknader som er sende etter fristen, vert normalt ikkje behandla før opptaket er avslutta og ankefristen ute. Unnatak kan vere søknader som klart kjem inn under opptaksriterium A (pkt. 6) og/eller dersom det syner seg at det blir ledige plassar.
- Søknader skal førast på fastsett skjema og sendast elektronisk til Vanylven kommune. Alle relevante opplysningar om tilhøve det må takast omsyn til må gå fram av søknaden eller vedlegg. Dei som har vanskar med å fylle ut skjema elektronisk kan kontakte Servicetorget for hjelp.
- Oppvekstkontoret sender eit oversyn over søkerane til PP-tenesta, helseetaten og sosialkontoret. Desse kjem med skriftlege merknader/fråsegner til søkerne dersom dei har slike.



- Styrar i den einskilde barnehage kjem med innstilling til opptak. Innstillinga skal bygge på opptaksriteria nemnde i pkt. 6. Er styrar ugild etter reglane i forvaltningslova, kan settestyrar utnemnast.

Kommunalsjef for oppvekst gjer einskildvedtak om plass i barnehage. Tildelt plass gjeld fram til skulestart. Ved redusert plass vurderer styrar kva for dagar ein får tilbod om, og gjeld berre for eit år om gangen.

Opptaket skal samordnast slik at ingen får plass i fleire barnehagar og slik at ein nyttar den totale kapasiteten så godt som råd er.

- Søkjarane skal så snart råd er etter at vedtak er fatta få melding om vedtaket. Av vedtaket skal det gå fram:
 - om søkjar har fått plass
 - kva kriterium som ligg til grunn for avgjerda om søknaden ikkje er imøtekomen
 - kva periode tildelinga gjeld for
 - frist og prosedyre for eventuell klage på vedtaket

Minst to av plassane skal så sant der er ventelister, haldast av til klagefristen er ute og eventuelle klager handsama. Dette er såkalla "ankeplassar"

Dersom plassar står ledige etter klagehandsaminga, går plassen (-ane) til dei som står først på prioritert venteliste. Ventelistene gjeld fram til 1.september. Etter den tid vil den einskilde barnehage gje plassar til dei som har meldt sin interesse.

6. KRITERIUM FOR OPPTAK

Dei kommunale barnehagane i Vanylven er opne for born under skulepliktig alder som er busette, eller som i opptaksåret skal busetje seg i Vanylven kommune. Dersom det er ledig plass i ein barnehage, kan born med foreldre busett i andre kommunar få plass, så framt denne kommunen refunderer tilskot til Vanylven kommune.

For opptak i dei kommunale barnehagane i Vanylven, skal desse kriteria leggast til grunn i prioritert rekkjefølge:

- A. Prioritet etter §13 i Lov om barnehagar (krev dokumentasjon)
- B. Studerande/yrkesaktive føresette
- C. Born som har plass frå før
- D. Sysken til born som har plass komande år
- E. Born som nyleg er flytta til kommunen
- F. Born av nøkkelpersonar
- G. Born busett i andre kommunar



7. EKSTRAINNTAK

I særskilde situasjonar kan eigar gjere vedtak om opptak utan at plassar er ledige. Dette kan skje ved akutte krisesituasjonar der born må takast hand om, og der det ikkje er tilrådeleg å vente til hovudopptak eller til plassar blir ledige av andre grunnar. Det blir i slike tilfelle gitt dispensasjon av rådmann frå gruppestorleiken for ein kortare periode.

8. OPPTAKSPERIODE/OPPSEIING AV PLASSAR

Retten til plass:

Alle som fyller eitt år innan 01.11 inneverande år, har rett på barnehageplass dersom dei søker innan fristen til hovudopptaket 1.mars, og er busett i kommunen innan 1. august.

Alle som tek imot plass har rett til å behalde plassen fram til skulestart.

Eit barnehageår går frå medio august eitt år til medio august året etter.

Det vil, ved kvart hovudopptak, bli gitt høve til å søkje om endra oppholdstid (reduksjon frå heil til delt, eller auka frå delt til heil). Normalt vil dette bli handsama som søknad om ny plass og vurdert etter vanlege kriterium.

Justering av plass, reduksjon eller auke, krev *oppseiing* av tildelt plass. Oppseiingsfrist er ein månad, og ny søknad om plass må leverast.

Oppseiingstida i barnehagen er ein månad.

Etter 1.mai kan ein ikkje ta ut barnet utan å betale for heile året. Oppseiinga skal vere skriftleg og skal leverast barnehagen.

Berre i særhøve kan det søkjast om permisjon frå barnehagen. Dette gjeld hovudsakleg born som på grunn av opphold på sjukehus eller av sjukdom er forhindra frå å møte i barnehagen over ein lengre periode. For permisjon av andre grunnar må plassen seiast opp og ny søknad om plass, frå den dato behovet er der, sendast elektronisk til kommunen.

9. FORELDREBETALING

Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling i barnehagane og storleiken på syskenmoderasjonen i tråd med departementet sine føringar. Kommunestyret fastset også sats for redusert plass og betalingssats ved for seint henting av born.

Endringar i alle betalingssatsar vert normalt gjort gjeldande frå 1.januar, eller ved andre tidspunkt etter føringar frå departementet.

Betalinga vert kravt inn for ti heile månader samt to halve (juli og august) – ei på kvar ende av barnehageåret.

Det er berre ved gjeven permisjon (jf. pkt. 8 - siste ledd) det vert gjeve fråtrekk i foreldrebetalinga.



Foreldrebetalinga vert kravd inn av kommunen og skal betalast innan den fristen som er fastsett på betalingsblanketten. Dersom foreldre/føresette bryt inngått skriftleg avtale og såleis står til rest med betaling for 2 månader eller meir, kan Kommunalsjefen fatte vedtak som opphevar tidlegare vedtak - med den konsekvens at ein misser plassen i barnehagen. Ein føreset at andre utvegar er prøvde før slikt vedtak blir fatta.

Dei som på denne måten har mist den ordinære plassen sin, vil kunne få ny plass etter at all skuld er betalt, og ein ny og strengare betalingsavtale er inngått. Bryt foreldra også denne avtalen, er det automatikk i at ein misser plassen for resten av barnehageåret.

I tillegg til fast foreldrebetaling, skal det krevjast inn betaling for frukt, mjølk og eventuelt mat, dersom borna nyttar seg av slike tilbod.

Syskenmoderasjonen gjeld heile og delte plassar. Moderasjonsordninga gjeld og om sysken har plass i ulike kommunale barnehagar. Har borna ulik oppholdstid, skal den som har lengst oppholdstid betale full takst.

Dersom borna blir henta etter fastsett opningstid, skal foreldra betale eit gebyr pr. gong – jf. vedtak om foreldrebetaling.

Ved hovudopptaket kan foreldra skriftleg seie opp plassen - som dei tidlegare har takka ”ja” til - gratis fram til 15.juni. Ved oppseiling av plass, heilt eller delvis, i tidsrommet frå 15.juni til 15.august vil dei bli kravd eit oppseiingsgebyr, som ikkje gjev rett til opphold i barnehagen.

10. OPNINGSTIDER

Normalopningstida for barnehagane er maksimalt 07.00 – 17.15.

Her er det rom for lokal tilpassing, dersom ein ser at det ikkje er behov for så lang opningstid. Kvart barn bør ikkje ha meir enn 8-9 timer i barnehagen pr. dag. Helst mindre.

Foreldre skal avtale med barnehagen kva for tidspunkt på dagen dei treng å nytte plassen. Dersom foreldra seier frå om behov, kan dei tilsette sine vakter setjast inn på rett tid i høve storleik på barnegruppa tidleg og seint på dag.

10.1 Ferie og fridagar:

Alle borna må ha minimum 4 heile veker ferie. Tre av desse vekene er fastlagde til veke 29, 30 og 31 – då alle barnehagane er stengde. Dersom fem eller færre born vert til stades, kan dei også verte stengde i veke 28, eller i veke 32. Dersom ein barnehage er open i veke 28, eller i veke 32, kan barn frå andre barnehagar i kommunen få tilbod om å vere der.

Barnehagane vert stengde i romjula og i påskeveka dersom det er 5 born eller færre som treng plass desse dagane. Romjula saman med påskeveka kan reknast som ei heil ferieveke.

Barnehagane er alltid stengde julafstan og nyttårsaftan og på 6 dagar i året då personalet har planleggingstid. Dersom dei er opne i påskeveka, stengjer dei kl.12.00 onsdagen.



11. AREALNORMER, OPPHALDSAREAL OG INTERNKONTROLL

Arealnormer for dei kommunale barnehagane vert fastsett til 4 m² for barn over 3 år og 5,33 m² for barn under 3 år.

Leike- og opphaldsarealet i dei kommunale barnehagane vart i godkjenninga fastsett slik:

Åheim barnehage	160 m ²
Syvde barnehage	160 m ²

Uteareal bør vere om lag 6 ganger større enn leike og opphaldsarealet inne.

Uteareal Åheim barnehage 2450 m²

Uteareal Syvde barnehage 3210 m²

Kvar barnehage skal ha skriftleg dokumentasjon for rutinar når det gjeld internkontroll. Dette systemet skal reviderast jamleg og kunne førevisast for kontroll.

12. UTFYLLANDE INFORMASJON

Kvar barnehage skal utarbeide eit oversyn over dei viktigaste reglar og rutinar i barnehagen, og syte for at dette blir gjort kjent for foreldra.

Døme på ting som skal informerast om er tilvenning, matordning, frukt- og mjølkesal, klede og utstyr, rutinar for melding om fråvær, sjukdom m.m.

Slike interne reglar og rutinar skal godkjennast av samarbeidsutvalet, og ikkje vere i strid med vedtekten eller kommunale vedtak. Reglane skal sendast eigar til orientering.

Foreldre/føresette har og eit sjølvstendig ansvar for å informere barnehagen om ting dei meiner ein bør kjenne til for å kunne gi eit best mogleg tilbod til barnet.

Barnehagane nyttar ulike observasjonsskjema som verktøy for å sikre eit godt tilbod til barna, t.d. «alle med», «TRAS», o.a. Observasjon vert også nytta som utgangspunkt for foreldresamtale/samarbeid med heimen.

13. ENDRING AV VEDTEKTENE

Kommunestyret eller det organet som kommunestyret delegerer myndet til, for tida Livsløpsutvalet, godkjenner vedtekten for barnehagane i Vanylven og avgjer eventuelle tvistar kva gjeld tolking av vedtekten.

Ved omfattande revisjonar skal desse sendast ut til høyring i barnehagane før endeleg vedtak blir gjort.

Reviderte vedtekter vert gjort gjeldande for alle etter at dei er politisk godkjende – også for dei som tidlegare har fått fast plass.

*Desse vedtekene er godkjende av Livsløpsutvalet i Vanylven, i sak 16/2017 den 31.05.2017.
Saksnr.2016/69.*

I Vanylven
skal barn og unge vekse opp
i tryggleik og trivsel
Med tid og omsorg skal
dei ta til seg kunnskap, lære om livet
og verte gode medmenneske



Vanylven kommune. Oppvekst og kultur.